

Bustader

Kostradokument nr. 9

Førebuande dokument til arbeidet med budsjettet for 2010

**Gjennomgang av funksjonar
under rammeområdet
Bustader**

Oversikt over rammeområdet Bustader

Dette rammeområdet har 3 funksjoner og 14 aktive tenester.

- 265 Kommunalt disponerte bustader
- 283 Bistand til etablering av egen bustad
- 315 Bustadbygging og fysiske bumiljøtiltak

Bustader - Budsjett pr. 1. tertial 2009

Funksjon/ Tenester	Tekst	Netto utg Rek-07	Netto utg Rek-08	Br. utg. 1T 09	Inntekt 1T- 09	Fond 1T-09	Netto utg 1T-09
		0					
26500	Drift og tilsyn av trygde- og omsorgsbustader	-4 975	-7 117	3 103	-10 432	0	-7 330
26502	Vedlikehold av trygde- og omsorgsbustader	460	234	818	-642	0	176
26503	Nybygg og utvikling av trygde - omsorgsbustader	2 339	2 373	2 322	-1	0	2 321
26505	Reinhold av omsorgsbustader	223	399	10	-3	0	7
26510	Drift av utleigebustader	-372	-280	599	-917	0	-317
26512	Vedlikehold av utleigebustader	473	639	441	-325	0	116
26513	Nybygg og utvikling - utleigebustader	40	17	49	-6	0	42
26515	Reinhold av utleigebustader	95	71	60	-1	0	59
26540	Drift og tilsyn - flyktningebustader	89	-12	2 116	-2 168	0	-51
26542	Vedlikehold - flyktningebustader	22	18	0	0	0	0
26590	Bustadkontor - plan og tilrettelegging	0	60	0	0	0	0
265	Kommunalt disponerte bustader	-1 596	-3 598	9 518	-14 495	0	-4 977
28300	Lån og tilskot - Husbanken	771	1 159	650	-600	-50	325
283	Bistand til etabl. av egen bustad	771	1 159	650	-600	-50	325
		0	0			0	
31500	Tilrettelegging og opparbeiding av bustadfelt	58	277	52	-603	0	-551
31520	Vern av busetnad	0	25	0	0	0	0
315	Bustadbygging og fysiske bumiljøtiltak	58	302	52	-603	0	-551
		0					
	Bustader	-767	-2 136	10 220	-15 698	-50	-5 203

Brutto utgift i 2009 er budsjettert til 10,2 mill. kr. og samla inntekter på 15,7 mill. kr. og ei nettoramme (- = overskot) på -5,2 mill. kr. Dette utgjør 1,8 prosent av samla brutto utgifter i heradet.

KOSTRA – 2008*

N. Bustad - nivå 2	1238 Kvam	Gj.snitt gr 11	Gj.snitt landet
Prioritering			
Netto driftsutg til kommunalt disponerte boliger per innbygger i kr	-432	-55	-100
Netto driftsutgifter til boligformål pr innbygger i kroner	-395,4	64,2	-45,9
Netto driftsutg, boligformål, i prosent av samlede netto driftsutg.	-0,9	0,2	-0,1
Brutto investeringsutgifter til boligformål per innbygger i kroner	0	546	600
Husbankindikatorer			
Kommunalt disponerte omsorgsboliger per 1000 innbyggere	13,6	5,7	7,3
Komm eide omsorgsboliger som del av alle kommunalt disp. omsorgsboliger	95,6	70,8	65,6
Tal nye boliger godkjent for fin. av Husbanken, per 1000 innbygg	0,4	1,2	1,3
Beløp per måned per husstand i statlig bostøtte fra Husbanken	1748	1974	1656
Antall husstander tilkjent statlig bostøtte fra Husbanken per 1000 innbyggere	22	22	24
Antall husstander tilkjent statlig bostøtte fra Husbanken	185	241	213
Husbankmidler videretildelt av kommunen			
Antall boliger godkjent av komm. for fin. med startlån, per 1000 innbyggere	1,2	1,5	1,4
Beløp per innbygger i startlån videretildelt av kommunen	563	893	543
Tal bustader godkjent av komm for bustadtilskot til tilpasning, pr 1000 innb.	0,7	20,2	0,7
Beløp per innbygger i boligtilskudd til tilpasning videretildelt av kommunen	21	23	28
Tal boliger godkjent av komm for bustadtilskot til etablering, per 1000 innb	0,2	0,5	0,5
Beløp per innbygger i boligtilskudd til etablering videretildelt av kommunen	27	92	60

*Merknad. Kvam herad manglar dei fleste nøkkeltal for bustad i 2008

Kvam herad har ikkje eige bustadkontor. Oppgåvene vert fordelt på 4 område:

- Formidling av Husbanken sine verkemidlar – lån og tilskot – vert handsama av ei tverrfagleg nemnd frå økonomikontoret, byggesaksavdelinga og NAV sosialtenesta, som leier nemnda. NAV administrerer bustøtteordninga.
- Kvam herad sine utleigebustader er organisert under FDV - bygg, både ansvar for vedlikehald og utleige. Kommunen har 17 utleigebustader, og framleiger 48 bustader til flyktningar.
- For Kvam herad sine 168 trygde- og omsorgsbustader er det FDV - bygg som har ansvar for vedlikehald. Utleige er vert tildelt av Pleie- og omsorg. Kontraktane vert skrivne av FDV - bygg. Kvam herad har også avtale med 4 private huseigarar om utleige av til saman 24 tilrettelagde omsorgs- og utleigebustader, der PLO bestemmer kven som skal ha leigekontrakt.
- Kvam bustadstifting leiger ut 14 husvære og vil leiga ut 5 nye i Grope bustad.
- Arbeidet med å organisera bygging av nye kommunale bustader vert koordinert av Prosjektavdelinga.

Funksjon 265 Kommunalt disponerte bustader

Funksjonen har 11 tenester;

- 26500 Drift og tilsyn av trygde – og omsorgsbustader
- 26502 Vedlikehald av trygde - og omsorgsbustader
- 26503 Nybygg og utvikling av trygde – og omsorgsbustader
- 26505 Reinhold av omsorgsbustader
- 26510 Drift av utleigebustader
- 26512 Vedlikehald av utleigebustader
- 26513 Nybygg og utvikling av – utleigebustader
- 26515 Reinhold av utleigebustader
- 26540 Drift og tilsyn – flyktningbustader
- 26542 Vedlikehald – flyktningbustader
- 26590 Bustadkontor – plan og tilrettelegging

Rekneskapen for 2008 viser at funksjonen hadde eit netto driftsoverskot på 3,6 mill. kr. som var 2,0 mill. kr. betre enn i 2007.

Budsjett for 2009 viser eit planlagt driftsoverskot på knappe 5,0 mill. kr.

Teneste 26500 Drift og tilsyn av trygde – og omsorgsbustader

1. Økonomi

26500 - Drift og tilsyn av trygde - og omsorgsbustader

Postar	R-07	R-08	B-09
Lønskostnader (ekskl. sjukelønsrefusjon)	555	531	58
<i>herav fast løn (konto 10100)</i>	<i>379</i>	<i>401</i>	<i>13</i>
Varer og tenester til eigenproduksjon	1 809	1 187	1 351
Tenester som erstattar eigenproduksjon	660	643	300
Overføringar til andre	618	595	514
Finansutgifter	1 130	880	880
Sum utgifter	4 772	3 836	3 103
Salsinntekter	-9 305	-10 605	-10 004
Overføringar med krav til motytelse	-442	-348	-268
Overføringar utan krav til motytelse	0	0	-160
Sum inntekter	-9 747	-10 953	-10 432
Netto utgiftsramme	-4 975	-7 117	-7 330
Sum løn i høve sum utgifter	11,6 %	13,8 %	1,9 %

Kvam herad har 168 trygde- og omsorgsbustader. Vi har avtale med 4 private huseigarar og formidlar 24 bustader (Merwyn (8), Bergtun (4) og Strandheim (9) i Øystese og 3 trygdebustader i Tørvikbygd).

Rekneskapen for 2008 viser brutto utgifter på 3,8 mill. kr. og ei netto utgiftsramme (- = overskot) på 7,1 mill. kr. Dette er 2,1 mill. kr. betre enn i 2007.

Budsjett for 2009 viser brutto utgifter på 3,1 mill. kr., inntektene på kr. 10,4 mill. kr. og ei nettoramme (overskot) på -7,3 mill. kr. Avskrivningane ligg i brutto driftsutgifter og utgjer 1,2 mill. kr. Driftsutgiftene er elles hovudsakleg straum, forsikring, kommunale utgifter og andre driftsutgifter. Det er i budsjettet også teke høgde for dekning av driftsunderskot hjå dei private huseigarane med 0,3 mill. kr. Dette i samsvar med avtalane. I 2007 og 2008 var underskotsdekninga på 0,6 mill. kr. i kvart av åra.

Den er ingen fast tilsette knytt til denne tenesta, men faktisk forbruk av FDV-personellet vert registrert og nytta i rekneskapsføringa.

Inntektene gjeld husleigeinntekter frå leigetakarane og tilskot frå Husbanken.

2. Aktivitet

Tabell med oversikt over bustadane (m/stadnummer)

Bustadane er plassert slik:

Trygdebustad	Omsorgsbustad	Private som Kvam PLO formidlar	Utleigebustad Kvam herad og Kvam bustadstifting
1340 Ålvik - 9	1341 Ålvik – 20		1410 Ålvik - 4
2340 Øystese - 10	2341 Øystese – 46	2300 Øystese - 21	2410 Øystese - 13
3340 Norheimsund – 24	3341 Norheimsund - 41		3410 Norheimsund - 16
		2300 Tørvikbygd - 3	
4340 Strandebar - 6	4341 Strandebar - 7		4410 Strandebar - 1

3. Endring av aktivitetar

1. Det største potensialet til endring er knytt til auka husleige. Alt no ligg desse ca. 1000 kroner over det som er øvre grensa for kva bustøtteordninga tek omsyn til. Difor vil ei evt. husleigeauke verta fullt ut betalt av leigetakarane.
2. Det andre potensialet ligg i sal av husvære, men etterspurnad frå flyktningar er langt større enn tilbodet for utleigebustader.
3. Skal sal bli aktuelt, må Hst redusera talet på flyktningar som det vil ta i mot kvart år. I dag er dette totalt 30 personar.

Teneste 26502 Vedlikehold av trygde – og omsorgsbustader

1. Økonomi

26502 - Vedlikehold av trygde- og omsorgsbustader

Postar	R-07	R-08	B-09
Lønnskostnader (ekskl. sjukelønsrefusjon) herav fast løn (konto 10100)	258 201	173 122	117 86
Varer og tenester til eigenproduksjon	203	61	561
Overføringar til andre	50	15	140
Sum utgifter	511	250	818
Overføringer med krav til motytelse	-52	-15	-642
Sum inntekter	-52	-15	-642
Netto utgiftsramme	460	234	176
Sum løn i høve sum utgifter	50,5 %	69,3 %	14,3 %

Rekneskapen for 2008 viser ei netto utgift på 0,2 mill. kr. som er ei halvering av tilsvarende utgift i 2007.

Budsjett for vedlikehold av trygde- og omsorgsbustader viser ei netto utgiftsramme på knappe 0,2 mill. kr. Brutto utgifter viser ein stor auke som kjem av at Kvam heradsstyre har godkjent at 0,5 mill. kr. av regjeringa si tiltakspakke skal brukast på Ålvik pensjonistheim. Tenesta har ei tilsvarende inntekt slik at dette ikkje påverkar den vedtekne utgiftsramma.

Lønsumgiftene gjeld løn til FDV – personale. Lønsumgiftene vert rekneskapsført etter faktisk bruk.

2. Aktivitet

Før kvar leigekontrakt vert inngått, vert husværa opprusta med omsyn til skader og openberre manglar, og opprusta til rimeleg god standard m.o.t. overflatebehandling.

Trygdehusværa i Norheimsund og Øystese treng utvendig vedlikehold, vurdert til ca. 1 mill. kroner.

3. Endring av aktivitetar

Ingen endringar er planlagde, anna enn opprusting av husværa i kjellaren på Strandebarmheimen, jfr. Prosjektet som er beskrive på Prosjektsida.

Teneste 26503 Nybygg og utvikling av trygde – og omsorgsbustader

1. Økonomi

26503 - Nybygg og utvikling av trygde- og omsorgsbustader

Postar	R-07	R-08	B-09
Lønskostnader (ekskl. sjukelønsrefusjon)	0	-0	0
<i>herav fast løn (konto 10100)</i>	0	-1	0
Varer og tenester til eigenproduksjon	20	55	2
Overføringer til andre	5	13	1
Finansutgifter	2 319	2 319	2 319
Sum utgifter	2 343	2 386	2 322
Overføringer med krav til motytelse	-5	-13	-1
Sum inntekter	-5	-13	-1
Netto utgiftsramme	2 339	2 373	2 321
Sum løn i høve sum utgifter	0,0 %	0,0 %	0,0 %

Rekneskapen for 2008 viser ei netto utgift på knappe 2,4 mill. kr. Dette er ein auke på 1,5 % i høve til 2007.

Budsjett for 2009 viser at tenesta har ei brutto utgift på 2,3 mill. kr. som er marginalt lågare enn 2008-rekneskapet. Dette er avskrivningar for desse bustadane.

2. Aktivitet

Kvam herad har ingen planar om nybygging av trygde- og omsorgsbustader. Evt. nybyggingsbehov for brukarar med rett til individuelle tenester etter helse- og sosiallovgjevinga vert oversendt til Kvam bustadstifting, som i desse tilfella får rett til moms - refusjon. For 2009/2010 planlegg Kvam bustadstifting å byggja tilbygg til Gropa bustad, slik at det vert tenelege bustader for 5 unge m/ fellesareal knytte til desse 4 husværa.

3. Endring av aktivitetar

Ingen.

Teneste 26505 Reinhold av trygdebustader

1. Økonomi

26505 - Reinhold av omsorgsbustader

Postar	R-07	R-08	B-09
Lønnskostnader (ekskl. sjukelønsrefusjon)	228	391	2
herav fast løn (konto 10100)	148	252	0
Varer og tenester til eigenproduksjon	7	32	7
Overføringar til andre	2	8	2
Sum utgifter	237	431	10
Overføringer med krav til motytelse	-14	-32	-3
Sum inntekter	-14	-32	-3
Netto utgiftsramme	223	399	7
Sum løn i høve sum utgifter	96,2 %	90,7 %	16,5 %

Rekneskapen for 2008 viser at tenesta hadde ei netto utgift på 0,4 mill. kr.. Dette var knappe 0,2 mill. kr. meir enn i 2007. Mesteparten av utgiftene gjeld løn og dei vert fordelte etter faktisk timeforbruk.

Budsjett for 2009 viser eit svært lågt forbruk. Dette er i samsvar med tidlegare budsjettpraksis. For 2010 bør ein vurdere å budsjettera i samsvar med tidlegare faktisk forbruk.

FDV – utgiftene til Kvam herad vil verta forsøkt samla i eit eige dokument kalla Oppsummering FDV.

2. Aktivitet

Reinholdet gjeld reinhold av fellesareala og omsorgsbustadane på Tolo og Mikkjelsflaten, andre stader vert reinholdet utført av heimhjelparar. FDV - bygg har siste åra overteke reinholdet i institusjonar og omsorgsbustadane med tanke på meir effektiv utnytting av fagpersonellet. I institusjonar og fellesareal er det dagleg reinhold. I bustadane er det kvar 14. dag (jfr. Serviceerklæring).

3. Endring av aktivitetar

Det er ingen planlagt endring av kvaliteten på reinholdet i omsorgsbustadane / heimhjelpstenesta, som alt er på eit minimumsnivå. INSTA 800 (internordisk standard) beskriv reinholdskvalitet og er under innføring. Likevel fins det eit potensiale til mindre reinhold, t.d. ved å redusera krava i reinholdsfrekvensen / endra serviceerklæringa, gjennom politisk vedtak.

Teneste 26510 Drift av utleigebustader

1. Økonomi

26510 - Drift av utleigebustader

Postar	R-07	R-08	B-09
Lønnskostnader (ekskl. sjukelønsrefusjon)	120	171	70
herav fast løn (konto 10100)	89	127	49
Varer og tenester til eigenproduksjon	460	782	381
Overføringar til andre	9	5	65
Finansutgifter	0	0	83
Sum utgifter	589	957	599
Salsinntekter	-852	-1 075	-851
Overføringer med krav til motytelse	-62	-162	-66
Finansinntekter	-46	0	0
Sum inntekter	-961	-1 237	-917
Netto utgiftsramme	-372	-280	-317
Sum løn i høve sum utgifter	20,3 %	17,8 %	11,6 %

Rekneskapen for 2008 viser ei netto utgift (overskot) på -0,3 mill. kr. som er om lag 0,1 mill. kr. svakare enn i 2007. Årsaka til dette er høgare utgifter til kjøp av varer og tenester (riving av gamle bygg).

Budsjett for 2009 viser ei brutto utgift på 0,6 mill. kr. og inntekter (hovudsakleg husleigeinntekter) på 0,9 mill. kr. Dette gjev ei nettoramme på -0,3 mill. kr.

Det er budsjettert med 0,1 årsverk på denne tenesta.

2. Aktivitet

Tabell med oversikt over bustadane, sjå tabell under teneste 26500 over. Husleigene fins i kommunen sitt taksthefte "Pris og gebyr. Kvam herad 2009". Nivået er frå ca. kr. 2.600 for små kjellarhusvære til kr. 6.500 for dei største husværa.

FDV avgjer kven som skal vera leigetakarar på bakgrunn av synspunkt frå personalavdelinga (kommunalt tilsette er prioritert) og NAV.

3. Endring av aktivitetar

Inntektene kan aukast gjennom auka husleiger. Det er viktig å ha husleiger tilsvarande marknaden, men det er nødvendig at kommunen ikkje er prisleiande.

Vi vurderer eit mogleg potensiale for ei husleigeauke på kr. 500 - 1000 pr. bustad pr. mnd for ca. 30 husvære (inkl. Kvam bustadstifting sine bustader), dvs. ca. 200.000/året.

Teneste 26512 Vedlikehold av utlegebustader

Kommunen har 17 egne utlegebustader, og framleiger 48 til flyktingar. Kvam bustadstifting har 16 husvære.

1. Økonomi

26512 - Vedlikehold av utlegebustader

Postar	R-07	R-08	B-09
Lønskostnader (ekskl. sjukelønsrefusjon) herav fast løn (konto 10100)	235 184	370 280	72 53
Varer og tenester til eigenproduksjon	239	268	295
Overføringer til andre	0	0	74
Sum utgifter	474	639	441
Overføringer med krav til motytelse	-1	0	-325
Sum inntekter	-1	0	-325
Netto utgiftsramme	473	639	116
Sum løn i høve sum utgifter	49,5 %	58,0 %	16,3 %

Rekneskapen for 2008 viser ei netto utgift på 0,6 mill. kr. som er ein auke på 35 % i høve til 2007. Årsaka til den store utgifta i 2008 var at kommunen måtte ”rydda opp” etter avslutta husleigeavtalar.

Budsjett for 2009 viser ei netto utgiftsramme på 0,1 mill. kr. Dette er 0,5 mill. kr. lågare enn faktisk forbruk i 2008, men samsvarer med tidlegare budsjettpraksis der FDV – utgiftene ikkje er fordelte ut. Dette vert gjort i rekneskapen etter faktisk forbruk. I tillegg er det i 2009 budsjettert med ekstraordinært vedlikehold pga ei øyremerka inntekt på 0,25 mill. kr. frå tiltakspakken.

Tidlegare vart FDV sine utgifter til flyktingbustader dekkja frå Flyktingfondet. Dette er no tomt.

2. Aktivitet

Før kvar leigekontrakt vert inngått, vert husværa opprusta med omsyn til skader og openberre manglar, og opprusta til rimeleg god standard m.o.t. overflatebehandling, men kvaliteten på vedlikeholdet er lågare enn den vi prøver å halda på trygde- og omsorgsbustader.

3. Endring av aktivitetar

Det er ikkje planlagt annan policy, men det kunne vera ønskjeleg at noko av evt. husleigeauke vert avsett til betre vedlikehold.

Teneste 26513 Nybygg og utvikling - utleigebustader

1. Økonomi

26513 - Nybygg og utvikling - utleigebustader

Postar	R-07	R-08	B-09
Varer og tenester til eigenproduksjon	22	0	25
Overføringar til andre	-0	0	6
Finansutgifter	17	17	17
Sum utgifter	40	17	49
Overføringer med krav til motytelse	0	0	-6
Sum inntekter	0	0	-6
Netto utgiftsramme	40	17	42
Sum løn i høve sum utgifter	0,0 %	0,0 %	0,0 %

Rekneskapen for 2008 viser ei netto utgift på kr. 17' som gjeld avskrivningar.

Budsjett for 2009 har ei netto utgiftsramme på kr. 42' inkl. avskrivningar. Resten av utgiftene gjeld drift.

2. Aktivitet

Kommunen har god oversikt over det behovet som finst for utleigebustader. For unge funksjonshemma vert arbeidet påbyrja i god tid før utflytting frå foreldreheim. NAV har bede kommunen om å utbyggja fleire bustader til flyktningar. Aktuelle tomter vert no vurdert av Kvam bustad – og tomteselskap AS (KBTS), og det er aktuelt at Kvam Bustadstifting står for utbygginga.

3. Endring av aktivitetar

Kvam bustadstifting har vedteke å ta på seg denne oppgåva. Husbanken gjev lån og tilskot til utleigebustader for flyktningar som 1. prioritet.

Teneste 26515 Reinhald av utleigebustader

1. Økonomi

26515 - Reinhald av utleigebustader

Postar	R-07	R-08	B-09
Lønskostnader (ekskl. sjukelønsrefusjon)	97	73	60
herav fast løn (konto 10100)	71	51	40
Varer og tenester til egenproduksjon	1	0	0
Overføringer til andre	0	0	0
Sum utgifter	98	73	60
Overføringer med krav til motytelse	-2	-2	-1
Sum inntekter	-2	-2	-1
Netto utgiftsramme	95	71	59
Sum løn i høve sum utgifter	99,3 %	99,4 %	99,7 %

Rekneskapen for 2008 viser ei netto utgift på kr. 71' som er 25 % lågare enn i 2007.

Budsjett for 2009 viser ei netto utgiftsramme på kr. 59' som gjeld løn til FDV – personale.

2. Aktivitet

I enkelte tilfelle er det nødvendig å utføra reinhald etter utflytting, grunna manglande evne hjå leigetakarane.

3. Endring av aktivitetar

Dette er sporadiske utgifter som kommunen heller ikkje vil få refundert, sjølv om det alltid er målsettinga.

Teneste 26540 Drift og tilsyn - flyktningbustader

1. Økonomi

26540 - Drift og tilsyn - flyktningebustader

Postar	R-07	R-08	B-09
Lønskostnader (ekskl. sjukelønsrefusjon)	9	13	0
<i>herav fast løn (konto 10100)</i>	7	9	0
Varer og tenester til eigenproduksjon	1 718	1 937	1 980
Tenester som erstattar eigenproduksjon	2	0	0
Overføringar til andre	0	1	31
Finansutgifter	105	105	105
Sum utgifter	1 834	2 056	2 116
Salsinntekter	-1 741	-2 031	-2 137
Overføringar med krav til motytelse	-4	-37	-31
Sum inntekter	-1 745	-2 068	-2 168
Netto utgiftsramme	89	-12	-51
Sum løn i høve sum utgifter	0,5 %	0,6 %	0,0 %

Rekneskapen for 2008 viser eit marginalt overskot mot eit underskot på knappe 0,1 mill. kr. i 2007.

Budsjett for 2009 viser at tenesta har ei brutto utgift på 0,21 mill. kr. og tilsvarende inntekter på 0,217 mill. kr.

2. Aktivitet

Aktiviteten gjeld innleige av hus til flyktningar og tilsvarende framleige. Kvaliteten på det vi klarer få tak i, er jamt over dårleg. Difor er det eit reelt behov for å skaffa husvære med betre kvalitet, i staden for dei vi framleiger og for å få tak i fleire bustader til flyktningar.

3. Endring av aktivitetar

Kommunen må nytta marknaden for å få tak i nok bustader til flyktningar. Leigemarknaden vil berre leiga direkte til Kvam herad, som må leiga vidare og stå som garantist for evt. skader og opprusting til standard som ved innflytting. Kommunen legg vekt på å opptre som ansvarlege leigetakarar, og har fått god tilbakemelding på dette.

Teneste 26542 Vedlikehold - flyktningbustader

1. Økonomi

26542 - Vedlikehold - flyktningebustader

Postar	R-07	R-08	B-09
Lønskostnader (ekskl. sjukelønsrefusjon)	9	1	0
<i>herav fast løn (konto 10100)</i>	7	0	0
Varer og tenester til egenproduksjon	13	17	0
Overføringer til andre	0	0	0
Sum utgifter	22	19	0
Overføringer med krav til motytelse	-0	-0	0
Sum inntekter	-0	-0	0
Netto utgiftsramme	22	18	0
Sum løn i høve sum utgifter	41,0 %	4,0 %	0,0 %

Rekneskapen for 2008 viser eit netto utgift på kr. 18', om lag som i 2007. Dette er hovudsakleg kjøp av materialar til vedlikehold.

Budsjett for 2009 viser ingen planlagde vedlikehaldsutgifter for tenesta.

2. Aktivitet

Ingen merknader ut over teneste 26540.

3. Endring av aktivitetar

Sjå over

Teneste 26590 Bustadkontor – plan og tilrettelegging

1. Økonomi

26590 - Bustadkontor - plan og tilrettelegging

Postar	R-07	R-08	B-09
Lønnskostnader (ekskl. sjukelønsrefusjon)	0	0	0
<i>herav fast løn (konto 10100)</i>	0	0	0
Varer og tenester til eigenproduksjon	0	60	0
Overføringar til andre	0	14	0
Sum utgifter	0	74	0
Overføringer med krav til motytelse	0	-14	0
Sum inntekter	0	-14	0
Netto utgiftsramme	0	60	0
Sum løn i høve sum utgifter	0,0 %	0,0 %	0,0 %

Tenesta har ikkje budsjettmidlar. I 2008 vart det nytta kr. 45.000 til utgreiing og analyser omkring sal / overføring av bustader til KBTS (Bergen Kapital Management).

2. Aktivitet

Det vert gjort mykje "dugnad" av ulike tilsette i kommunen, t.d. kartlegging av utbyggingsbehov og planlegging av bustader til særleg vanskelegstilte, å sikra nødvendig service til publikum (Husbanken sine lån og tilskot) og drift av Bustadstiftinga (Prosjektsjef).

3. Endring av aktivitetar

Det er behov for eit eige bustadkontor som kan følgja opp arbeidet med Bustadpolitisk handlingsplan og elles ha ansvar for å koordinera bustadfeltet.

Funksjon 283 Bistand til etablering av eigen bustad

Funksjonen har 1 teneste;
28300 Lån og tilskot - Husbanken

Teneste 28300 Lån og tilskot Husbanken

1. Økonomi

28300 - Lån og tilskot - Husbanken

Postar	R-07	R-08	B-09
Varer og tenester til eigenproduksjon	3	0	0
Overføringar til andre	760	0	650
Finansutgifter	793	1 159	1 225
Sum utgifter	1 556	1 159	1 875
Overføringer med krav til motytelse	0	0	0
Overføringer uten krav til motytelse	-760	0	-600
Finansinntekter	-25	-0	-950
Sum inntekter	-785	-0	-1 550
Netto utgiftsramme	771	1 159	325
Sum løn i høve sum utgifter	0,0 %	0,0 %	0,0 %

Rekneskapen for 2008 viser eit netto utgift på 1,2 mill. kr. som er 0,4 mill. kr. meir enn i 2007. Dette kan i hovudsak tilskrивast høgare renteutgifter i 2008.

Budsjett for 2009 viser ei netto ramme på 0,3 mill. kr. Når vi samanliknar rekneskap og budsjett, ser vi at det ikkje er samsvar mellom rekneskapspraksis og budsjett. Dette lyt vi retta på til budsjett for 2010.

2. Aktivitet

Oppgåva er å låna inn midlar frå Husbanken til vidare utlån. Kvam herad får også eit tilskot årleg ca. 0,2 mill. kr. til å gje tilskot til etablering og utbetring av bustader for eldre og funksjonshemma. Vi kan avsetja 10 % til tap. Dette vert ført på eit eige fond. P.t. står det ca. 10 mill. innlånt frå Husbanken som kan nyttast til Startlån / Etableringslån til dei som er i målgruppa.

3. Endring av aktivitetar

Det har i mange år vore ein god balanse mellom innlån/ tilskot og utlån / tilskot.

Funksjon 315 Bustadbygging og fysiske bumiljøtiltak

Funksjonen har 2 tenester;

31500 Tilrettelegging og opparbeiding av bustadfelt

31520 Vern av busetnad

Teneste 31500 Tilrettelegging og opparbeiding av bustadfelt

1. Økonomi

31500 - Tilrettelegging og opparbeiding av bustadfelt

Postar	R-07	R-08	B-09
Lønnskostnader (ekskl. sjukelønsrefusjon)	9	0	6
<i>herav fast løn (konto 10100)</i>	0	0	0
Varer og tenester til eigenproduksjon	42	271	37
Overføringar til andre	1	60	3
Finansutgifter	7	7	7
Sum utgifter	59	337	52
Overføringer med krav til motytelse	-1	-60	-603
Sum inntekter	-1	-60	-603
Netto utgiftsramme	58	277	-551
Sum løn i høve sum utgifter	15,4 %	0,0 %	10,9 %

Rekneskapen for 2008 viser ei netto utgift på 0,3 mill. kr. som er ein auke på 0,25 mill. kr. i høve til 2007. Utgiftene gjeld kjøp av tenester frå entreprenørar til tilrettelegging av bustadfelt og oppstartsutgifter i samband med Kvam bustad – og tomteselskap AS.

Budsjett for 2009 viser eit netto driftsoverskot på -0,55 mill. kr. pga sal av tenester til KBTS (dagleg leiar). Utgifta er ført på funksjon 120. Dette er feil og må endrast i 2. tertial 2009.

2. Aktivitet

Tenesta har ikkje vore særleg aktiv dei siste åra. T.d. står det att på Prosjekt Bustadfeltet i Norheimsund kr. 5.632 mill. kroner

3. Endring av aktivitetar

Dette er ei av hovudoppgåvene til KBTS.

Teneste 31520 Vern av busetnad

1. Økonomi

31520 Vern av busetnad

Postar	R-07	R-08	B-09
Varer og tenester til egenproduksjon	0	25	0
Overføringer til andre	0	6	0
Sum utgifter	0	31	0
Overføringer med krav til motytelse	0	-6	0
Sum inntekter	0	-6	0
Netto utgiftsramme	0	25	0
Sum løn i høve sum utgifter	0,0 %	0,0 %	0,0 %

Rekneskapen for 2008 viser ei netto utgift på kr. 25' som gjeld konsulentoppdrag til bl.a. rassikring på Gartveit.

Budsjett for 2009 – ingen aktivitet planlagt.

2. Aktivitet

Ingen aktivitet

3. Endring av aktiviteter

Ingen endring